



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Førde - Scandic Sunnfjord Hotel og Spa
Møtedato	11.06.2018
Kl.	17:05 – 18.05

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Aleksander Øren Heen til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å gjere vedtak i sak 70/18 sjølv om saka ikkje var oppført på saklista, jf. kommunelova § 34 nr. 1.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å handsame dokument nr. 4 i sak 69/18 bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd. Hilmar Høl bad fylkesutvalet vurdere habiliteten hans i tilknytning til handsaminga av same dokument. Fylkesutvalet fann Høl habil til å ta del ved handsaminga.

Fylkesutvalet vart samde om taletid i tilknytning til fylkesordføraren sin tale under tingseta 12. juni.

**SAK 67/18 Søknad om fritak frå politiske verv - Tore Storehaug -
suppleringsval**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Tore Storehaug får fritak frå vervet som 1. varamedlem til fylkestinget for resten av valperioden.

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Tore Storehaug får fritak frå verva som medlem i distriktsprogramrådet og som 1. varamedlem til hovudutvalet for opplæring for resten av valperioden.
2. Som ny medlem i distriktsprogramrådet etter Tore Storehaug, vel fylkesutvalet

Framlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til kandidat i punkt 2:
Beate Bondevik Lie

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding, med framlegget frå Kristeleg Folkeparti, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Tore Storehaug får fritak frå verva som medlem i distriktsprogramrådet og som 1. varamedlem til hovudutvalet for opplæring for resten av valperioden.
2. Som ny medlem i distriktsprogramrådet etter Tore Storehaug, vel fylkesutvalet Beate Bondevik Lie.

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Tore Storehaug får fritak frå vervet som 1. varamedlem til fylkestinget for resten av valperioden.

**SAK 68/18 Flytting av endestopp for Sognebåten. Ev. styrka
rutetilbod mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden**

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sognebåten held fram som i dag, med endestopp i Sogndal.
2. Rutetilbodet mellom Flåm og Balestrand vert ikkje styrka, jf. saksframstillinga.

Endringsframlegg:

Høgre fremja Høgre sitt framlegg frå hovudutvalet for samferdsle:
Sognebåten får endestopp Flåm frå 01.10.2019.

Avrøysting:

Bjørn Erik Hollevik røysta for Høgre sitt framlegg.
Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen, Trude Brosvik, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Gunhild Berge Stang røysta for tilrådinga frå hovudutval for samferdsle.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sognebåten held fram som i dag, med endestopp i Sogndal.
2. Rutetilbudet mellom Flåm og Balestrand vert ikkje styrka, jf. saksframstillinga.

SAK 69/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet 11. juni 2018

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1a: Ferjelem på Skorpa i Flora kommune
1b: Søknad om midlar til ferjelem Skorpa
Vedtak: Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen fremje ei eiga sak om temaet.
- 2: Questions to the EFTA Surveillance Authority regarding GBER
Dokument sendt ESA, gjennom Nærings- og fiskeridepartementet. Gjeld oppfølginga av FT-vedtak i sak 7/18 om tilskot til hangar på Sogndal lufthamn
- 3a: Svar - Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018
3b: Søknad om tilskot, etablering og utviklingsprosjekt SITEP AS
3c: Søknad om tilskot, investering etablering av øvingsfabrikk SITEP AS
3d: Forretningsplan SITEP AS, senter for innovasjon, teknologi og prosess
3e: Prosjektplan etablering og utvikling SITEP AS
3f: Brev frå Årdal Utvikling om prosjekt og søknadar
3g: Presentasjon politikardag 30. mai 2018
3h: Notat frå Kluge Advokatfirma AS - støtterettslege spørsmål
Merknad:
Fylkesutvalet ynskjer at fylkestinget set av ei ramme på 5 millionar til søknadene til Sitep AS i Årdal. Søknadane må avklarast opp mot statsstøtteregelverket.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å utbetale støtta etter desse avklaringane.
Tilskotet vert finansiert frå bufferfondet.
- 4a: Notat frå Lund & Co; Løypemelding III/2018 – Fylkeskommunens eierskap i SFE, status
Ikkje offentleg, Ofll. § 23, fjerde ledd
- 4b: Presentasjon frå BKK og Statkraft 25.05.18; «Vestlandskraft»
Ikkje offentleg, Ofll. § 23, fjerde ledd

SAK 70/18 Uttale om fortsatt operativ eining ved Konfliktrådet i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane krev at den operative eininga knytt til Konfliktrådet i Sogn og Fjordane vert ført vidare som i dag, med kontor i Førde.
